



Til høyringa av samfunnsdelen i november/desember 2016 er det kome 10 fråsegner. Desse er samanfatta i dette dokumentet.

SAMANFATTING AV INNKOMNE MERKNADER HØYRING:

Nr	Dagsett	Offentleg instans	Merknad
1	16. des 2016	Fylkesmannen i Hordaland	Planfaglege merknader og innspel knytt til samfunnstryggleik og beredskap, Klima og energi, Mangfald, integrering og folkehelse, Barn og unge, Arealstrategi, Landbruk, Miljø, naturmangfald og friluftsliv
2	19. des 2016	Hordaland Fylkeskommune	Planfaglege merknader og innspel er knytt til areal- og transport, samferdsel, næring, kultur og kulturminne, klima og energi, folkehelse og universell utforming.
3	13. des 2016	NVE	Ingen merknader
4	19. des 2016	Statens Vegvesen	Syner til statlege planretningslinjer.
5	20. des 2016	Jernbaneverket	Omtale av endringar for Vaksdal og Stanghelle (K5).
6	9. des 2016	Vaksdal kyrkjelege fellesråd	Kapasitet for gravplassar. Kyrkjer som kulturbygg og –bærarar er ivarettatt i kulturplanen.
7	16. des 2016	Fiskeridirektoratet	Oversiktleg og godt planforslag. Endeleg uttale vert knytt til arealdelen.
8	30. des 2016	Vaksdal Næringssselskap A/S	Godt dokument som ivaretek det mest vesentlege. Peikar på kortsiktige og langsiktige utfordringar, og behovet for åpenheit og samarbeid både internt og eksternt.
9	29. des 2016	Norgesmøllene og Felleskjøpet	I all hovudsak er merknader knytt til vegtilkomst og opplastingsareal. Dette er ein flaskehals for utviklinga, og ynskjer kommunen si merksemd i plan.
10	9. jan 2017	Bergen og Hordaland Turlag	Saknar mål/strategi om natur- og friluftslivverdiane og strategiske arealtiltak for å ivareta natur- og friluftslivkvalitetane i kommunen både i lokalt og regionalt perspektiv. Sjå på potensialet for naturbasert reiselivsnæring, gardsturisme og lokale mat- og industritradisjonar, og mål for utvikling av næringsfelta.

Post

post@vaksdal.kommune.no
Konsul Jebsensgt. 16, 5722 Dalekvam

Kontakt

www.vaksdal.kommune.no
Telefon +47 56 59 44 00
Telefaks +47 56 59 44 01

Konto
Org.nr. 961 821 967



1. Fylkesmannen i Hordaland

Det går fram av rettleiar T-1492 s. 8 at samfunnsdelen ikkje skal vere meir omfattande enn nødvendig. Ein skal tilpasse planen til kommunen sitt behov. Samfunnsdelen til kommune-planen skal såleis vera eit handlingsretta dokument som skal peike ut nokre prioriterte sats-ingsområde, mål og strategiar for å nå måla, jf. pbl § 11-2. Kommunal planlegging skal fremma heilskapen i samfunnet, jf. pbl § 3-1. Det gjer at den kommunale planlegginga må ta omsyn til og ivareta både nasjonale, regionale og kommunale mål, interesser og oppgåver. Kommunen må såleis vurdere om ein har ivareteke dei oppgåvene og omsyna som går fram av pbl § 3-1 bokstavane a-h. Det gjeld m.a. folkehelse, barn og unge, berekraft, tiltak mot klimaendringar, gode bustadområde og næringsutvikling. Vidare går det også fram av Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging og statlege planretningslinjer kva kommunane særleg skal ta omsyn til i planlegginga si.

Fylkesmannen vil her særskilt koma med merknader til desse områda (her korta ned til stikkord):

- overordna målsettingar for samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet i samfunnsdelen, og korleis ein skal nå desse måla
- effektiv arealbruk og samordning av arealbruken og transportsystemet for å få ned klimagassutsleppa. Transportvekst bør i stor grad takast med kollektivtransport, sykkel og gange. Energiomlegging og energieffektivisering ved planlegging og lokalisering av utbyggingsområde. Klima bør såleis vere eit tema.
- fokus på korleis ein skal møte utfordringane i oversikta (Folkehelseoversynet 2015, Vaksdal) i det vidare arbeidet i kommunen, særleg med tanke på å oppnå sosial utjamning
- integrering av innbyggjarar med ulike føresetnader. Det gjeld flyktningar, personar med nedsett funksjonsevne eller andre som på ulike måtar kan ha vanskar på bustadmarknaden.
- Gode grønstrukturar
- universell utforming
- utbyggingsareal for bustadar på bakgrunn av prognosar for folketalsvekst og eksisterande utbyggingsareal. Det same gjeld for næringsareal og kva type næring ein ønskjer å legge til rette for.
- analyse av alternative strategiar for framtidig utbyggingsmønster, jf. pbl § 11-2 første ledd.
- Massehandtering; samfunnsnyttige prosjekt å bruke massane til, areal til massedeponi som tar omsyn til landskaps- og naturverdiar, interkommunalt plansamarbeid.
- oppdaterer registreringa av kjerneområde landbruk og kulturlandskap
- identifisere viktige verdiar knytte til naturmangfald, landskap, friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø

Planleggar si vurdering: Avsnitt om kommunen si overordna ROS, beredskapsplan og mål er no tatt inn i planomtalen side 5. Klima- og energi er ivaretatt tilstrekkeleg i NYSKAPANDE, Delmål 4 EIT SAMFUNN SOM TEK HØGDE FOR FRAMTIDIGE UTFORDRINGAR, med strategiar (side 11). Klima vil vere eit viktig tema i områdeplanar for Vaksdal og Stanghelle, og fokus i arealplanlegging. Folkehelse er gjennomgåande tema i planen (jamf. Fylkeskommunen sitt innspel), og underliggjande tema skal ivaretaast i underliggjande planar. Mangfald, integrering og inkludering er fremja i plan. Gode grønstrukturar er ikkje nevnt særskild, men er naturleg knytt til SAMHALD, delmål 4 GOD AREALUTNYTTING SOM BIND BÅDE FUNKSJONAR OG STADER SAMAN. Grønstrukturar vil vere viktig tema i områdeplanane for Vaksdal og Stanghelle. Universell utforming er nevnt, og skal ha fokus i alle nye kommunale prosjekt. I tillegg er inkludering og «for alle» med i hovudmål og mange «kulepunkt». Å nytte prognosar for å dimensjonere utbygging i kommunen er utfordrande. Fylkeskommunen omtalar også dette. Kommunen må vere realistisk i planlegginga, samtidig som me må tenkje moglegheit for ekspansjon knytt til ny E16 og bane. Det er innvilga tilskot frå fylkeskommunen til nærare utgreiingar for ein del tema knytt til dette. Kommunen og staten arbeider med å lokalisere og utgreie massedeponi, og samfunnsnuttig bruk av massar knytt til K5 utbygginga. Saman med

kjerneområde for landbruk inngår dette i arealdelen til kommuneplanen, og i områdeplanane for Vaksdal og Stanghelle. Kjerneområde landbruk og kulturlandskap vert gjort i arealdelen. Øvrige undertema som er peika på er i ivaretatt i denne planen, eller i underliggende planar og kartleggingar.

Rådmannen si vurdering: Det er tatt inn eit avsnitt om kommunen si overordna ROS, beredskapsplan og mål er no tatt inn i planomtalen side 5. Delmål «Trygg stad å bu, og å ferdast» er endra til «Tryggleik i kvardagen»

2. Hordaland fylkeskommune

Det er gode grunnar til å gjere samfunnsdelen lett forståeleg og tilgjengeleg gjennom å halde den på eit overordna nivå. Det skal vere eit dokument for alle i kommunen, og dannar utgangspunktet for verksemda i åra som kjem. Vi spør oss likevel om ein bør gjere den noko tydelegare i sine strategiar og prioriteringar. Planfaglege merknader og innspel er knytt til areal- og transport, samferdsel, næring, kultur og kulturminne, klima og energi, folkehelse og universell utforming.

- Samordna areal- og transportplanlegging er viktig for kommunen både i eit klimaperspektiv og i eit arealforvaltningsperspektiv. Positiv til at kommunen legg opp til å vere framsynte og fokusere på kvalitet i arealplanar som ein viktig styringsform i kommunen. Arealverdiar i kommunen som i mindre grad er trekt frem i høyringsdokumentet er sjø og strandsone, landskap og naturverdiar. Dette er arealverdiar som er vesentlege i ein visjon om eit trygt og godt bynært bygdeliv.
- Riktig av kommunen å arbeide for å få fortgang i utbetringar av trafikktilhøva. I Høyringsutkastet kjem det fram at Vaksdal kommune vil arbeide for betre kollektivdekning og at fleire nyttar kollektivtransport. Dette er positivt, og i den samanheng er det viktig at kommunen legg til rette med gang- og sykkelveggar som sikrar god tilkomst til dei ulike kollektivtilboda. I arbeidet med betring av kollektivtilbodet er det ein fordel å ha ein mest mogleg samla busetnad- og næringsområde.
- Vaksdal kommune konstaterer i planen at «det er ei utfordring å skape entusiasme og framtidstru for å attskape kommunen som ein attraktiv stad å etablere og drive næring». Dette er ei noko defensiv haldning til næringsutvikling. Kanskje bør kommunen i større grad profilera seg som ein bynær bustadkommune med fortrinn som gode kommunikasjonar, kort og køfri reisetid med tog til og frå Bergen sentrum, tilrettelagde opningstider i barnehagar for pendlarar, andre fortrinn knytt til busetnad i eit bynært bygdelivsmiljø. Desse argumenta kan også brukast til å marknadsføre ledige fabrikk- og kontorlokaler i Dale og Vaksdal.
- Kulturminna bør og sjåast som ein helsefremjande faktor, då dei er viktige for alle generasjonar si sjølvforståing, trivsel og verksemd. Ein bør arbeide vidare med kulturminneplanen og det bør leggest inn ein strategi for å auke kunnskap om kulturminne.
- Når det gjeld klimaendringar og klimatilpassing har Vaksdal særlege utfordringar. Det meiner Hordaland fylkeskommune kommunen tek godt omsyn til m.a. gjennom kunnskapsoppbygging knytt til lokale problemstillingar. Når det gjeld forbruket i kommunen vert det peika på Klimaplan for Hordaland «Energieffektivisering skal vera førsteval». I tillegg til at klimaendring er ein framtidig utfordring er også *økonomi, næringsutvikling, innvandring og integrering* dette.
- Folkehelse er eit grunnleggjande perspektiv i Kommuneplanen til Vaksdal kommune. Planen tek høgde for befolkningas behov for varierte bustader. Her er det viktig at det også vert tatt omsyn til sosiale skilnadar særleg knytt til at det vert tilrettelagt for bustader til nyetablerte og personar med behov for bustadbistand (bustadsosial handlingsplan). Når det gjeld fråfall i den vidaregåande skule er det avgjerande å begynne med dette arbeidet i tidlege barneår.

Planleggjar si vurdering: Fylkeskommunen etterlyser *sjø, strandsone, landskap og naturverdiar*.

Kommunen kan ta inn pkt; Sikre almen tilgang for friluftsliv ved vassdrag og sjø. Landskaps- og naturverdiar vert knytt til arealplan. Planen skal ikkje vere defensiv knytt til næringsutvikling, og vert

endra i omtale. Syner elles er OPEN, delmål 3 LETT FOR NÆRINGSLIVET Å ETABLERE SEG, *marknadsføre moglegheitene kommunen har for ulike typar næringsutvikling*. Kulturminnearbeidet vert ivaretatt av Kulturminneplanen (2015), samt at kulturminne er tema i områdeplanane for Vaksdal og Stanghelle. NYSKAPANDE, delmål 4 om FRAMTIDIGE UTFORDRINAR vert oppdatert med *Innvandring, integrering og mangfald er ein naturleg ressurs*. I komande planperiode vil kommunen lage «bustadsosial handlingsplan»

Rådmannen si vurdering: Nytt kulepunkt om tilgang til vassdrag og sjø. Endra tekst om næringsutvikling. Endra punkt; Mangfald, integrering og inkludering vert fremja.

3. NVE

NVE har ingen merknader til planframlegget.

Rådmannen si vurdering: Ingen endring

4. Statens vegvesen

Vår uttale til samfunnsdelen

- I kommuneplanens samfunnsdel manglar det ei oversikt over kva overordna planar (nasjonale og regionale) og lovverk samfunnsdelen tek høgde for.
- I tråd med måla i «Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal og transportplanlegging», må kommunen også leggja opp til ein bustadutvikling som reduserer transportbehovet og er tilknytt kollektivtransport og gang- og sykkelveg.
- Det er viktig og bra at kommunen fokuserer på utfordringane ved dagens E16 og øvrige fylkesvegvar, samstundes som kommunen planlegger langsiktig mot ny E16 og Vossabanen. Statens vegvesen setter også pris på at kommunen ynskjer åjobba for betre kollektivdekning, både internt i kommunen og eksternt mot nabokommunane.
- «Ta i bruk ny teknologi for eit lavutsleppsamfunn» er ein av strategiane for å handtere framtidige utfordringar. Vaksdal kommune er også i dag utsett for støyog forureiningsproblematikk knytt til E16. Me saknar ei omtale eller ein strategi i samfunnsdelen om korleis kommunen skal handtere denne problematikken.

Planleggar si vurdering: For detaljert i forhold til Samfunnsdelen.

Rådmannen si vurdering: Ingen endring

5. Jernbanelverket

Samferdselsprosjektet (K5) vil legge premisser for utviklinga av Vaksdal kommune i planperioden, og vil spesielt medføre store endringar for tettstadene Vaksdal og Stanghelle. Dette bør omtalast i samfunnsdelen, gjerne også med omtale av innhaldet i kommunen sine pågåande arbeider med mogleheitsstudie og områdeplanar for dei to stasjonsbyane.

Planleggar si vurdering: Dette er omtalt. Mogleighetsstudiet er for detaljert for Samfunnsdelen.

Rådmannen si vurdering: Ingen endring

6. Vaksdal kyrkjelege fellestråd

Bustadutvikling/folketalsutvikling: I samband med bustadutvikling og arealplanlegging for dette er det viktig at Vaksdal kommune legg til rette for at ein også har tilstrekkeleg kapasitet på gravplassar. Det er difor viktig at ein tenkjer gravplassar og nok areal til dette når ein legg planar for dette.

Kultur: Kyrkjebygga i Vaksdal er eigne kulturbygg og kulturberarar. Dei er viktige både historisk sett og i dag. Vaksdal kommune har 7 kyrkjer. Kyrkja på Nesheim er listeført.

Kyrkja har eit viktig kulturarbeid. Me arrangerer mange konsertar og andre kulturarrangement iløpet av året. Denne delen synes me er godt ivaretatt i kulturplanen for Vaksdal kommune.

Planleggar si vurdering: Gravplassar er naturleg del av arealdelen. Fint av kyrkja kjenner seg ivaretatt i Kulturplanen. Det betyr at plansystemet fungerer etter intensjonen 😊

Rådmannen si vurdering: Ingen endring

7. Fiskeridirektoratet

Meiner generelt at dokumentet er gjort på ein oversiktlig og god måte i planforslaget, og avventer endeleg uttale til kommuneplanen inntil det ligg føre ferdig forslag til arealplan.

Rådmannen si vurdering: Ingen endring

8. Vaksdal Næringssselskap A/S

Syns dokumentet er godt og ivaretek dei mest vesentlege tilhøva for kommunen. Peikar på både kortsiktige og langsiktige løysingar og perspektiv, særleg knytt til K5. Mellombelse utfordringar, moglege store vinstar på for delar av næringslivet, samstundes som utviklingsstrategiar også må forsøke å sjå 50-70 år framover. Behovet for åpenheit og samarbeid både internt i kommunen og utover.

Rådmannen si vurdering: Ingen endring

9. Norgesmøllene og Felleskjøpet

Me er glade for at Vaksdal kommune set som målsetting å fortsetje sitt gode arbeid med å byggje lokalsamfunna i kommunen, ut frå verdigrunnlag som nyskapande, open og samhald. Som næringsaktørar i Vaksdal er det viktig for oss både å få bidra, og få ha ei stemme inn i dette arbeidet. I samband med nemnte høyring vil me gjerne få peika på nokre punkt i planutkastet:

«Næringsutvikling» (s. 3) er det nemnt at «...tradisjonelt næringsliv har flagga ut...». Me har forståing for at det store tapet av arbeidsplassar knytt til tekstilindustrien gjer at ei slik formulering kan synes treffande. Samstundes er det slik at mølleverksemdene på Vaksdal må kunne seiast å vera ein annan grein av det tradisjonelle næringslivet i kommunen, og at denne greina framleis er grøn - og ber frukter - med sysselsetting direkte i våre verksemdar og indirekte gjennom tenestytande verksemdar lokalt.

Sakn etter målsetjingar og strategiar som tek opp i seg problemstillingar eksisterande næringsliv har i dag. For mølleverksemdene på Vaksdal er det i stor grad knytt til areal- og trafikkale utfordringar lokalt. Me ser det slik at det er særst viktig for vår framtidige aktivitet at dagens trafikkale utfordringane - på eit eller anna vis – vert teke opp i det kommunale planarbeidet. I ei venteleg komande veg- og baneutbygging i samband med K5, vil det for oss – og truleg for resten av næringslivet i kommunen – vera nødvendig at godstransport kan «gå sin gang» gjennom heile anleggstida. Anlegget har eit stort behov for å utvida opplastingsarealet sitt, og å betre tilkomsthøva for tungtransport.

Planleggar si vurdering: Omtalen om næringslivet er endra, jamfør fylkeskommunen sitt innspel. Norgesmøllene og Felleskjøpet har ein «flaskehals» med tilkomst. Dette er svært viktig å arbeide med i områdeplanen for Vaksdal og i samband med statlege samferdselsplanar. **Ivaretatt i NYSKAPANDE, delmål 5, pkt; arbeide for at framtidig utbygging av E16 og jernbane vil kome kommunen mest mogleg til gode?**

Rådmannen si vurdering:

10. Bergen og Hordaland Turlag

Vi føreslår difor at Vaksdal kommune tek med eit avsnitt om natur- og friluftslivverdiane i kommunen, og at ein føreslår strategiske arealtiltak for å ivareta natur- og friluftslivkvalitetane i kommunen både i eit

lokalt og eit regionalt perspektiv. Vaksdal kommune har også eit stort potensial for naturbasert reiselivsnæring, gardsturisme og lokale mat- og industritradisjonar, og høve til å setja overordna mål for utvikling av desse næringsfeltene i samfunnsdelen.

Planleggar si vurdering; Tatt inn kapittel om natur og friluftslivverdier. Desse er naturleg i OPEN, delmål 4 , kulepunkt 1 «marknadsføre Vaksdal kommune, både som god buplass og ein god stad å drive næring»

Rådmannen si vurdering: Tatt inn kapittel om natur og friluftslivverdier.